



VIKANES BUNGUM ARKITEKTER AS  
Postboks 358  
5501 HAUGESUND

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Oddgeir Aardal, 5764 3077

## Fråsegn til oppstart av planarbeid- Sveio, gbnr. 105/2, Ervesvika- detaljregulering

Vi viser til brev 23.08.2021 frå Vikanes Bungum Arkitekter AS med melding om oppstart av detaljregulering for gbnr. 105/2 Ervesvika i Sveio kommune.

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for fire hyttetomter med tilhøyrande naust, og i eit område som i arealdelen i kommuneplanen er vist som blanda føremål BH\_1- bustad og hytter. Planområdet er på om lag 14 daa.

Det går fram av oppstartsvarselet at planarbeidet særleg skal ha merksemd om strandsonevern og landbruk, konsekvensar for matjord som vert nedbygd, og tilhøve til naturmangfald, friluftsliv og verknader for omkringliggende areal. Det er konkludert med at tiltaket ikkje fell inn under kriteria til krav om konsekvensutgreiing.

Statsforvaltaren har følgjande innspel og merknader til oppstart av planarbeidet:

### Strandsona

Forvaltinga av strandsona med 100-metersbeltet er av nasjonal interesse. Strandsoneforvaltinga skal medverke til ei berekraftig utvikling i tråd med FN sine berekraftsmål.

Statlege planretningslinjer skal som kjent leggest til grunn for kommunal planlegging, jamfør plan- og bygningslova § 6-2. Vi føreset såleis at Statleg planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen blir vist til og lagt til grunn som ei ramme og ein føresetnad for utarbeidinga av planforslaget. Retningslinjene skal medverke til at det blir tatt særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og allmenne interesser i strandsona. Sveio kommune ligg i sone 3 etter planretningslinjene.

### Landbruk og jordvern

Planområdet omfattar fulldyrka jord som er del av ein lettdreven og fin jordbruksteig som strekkjer seg ned mot sjøen. Bevaring av jordressursane er av nasjonal interesse og ein føresetnad for å nå målsetjingar om mattryggleik og auka matproduksjon. I Nasjonal jordvernstrategi, oppdatert i juni 2021, er målsetjinga at den årlege omdisponeringa av dyrka jord ikkje skal overstige 3000 daa innan



2025. Vi viser også til FN sine berekraftsmål der jordvern er ein viktig del av arbeidet med å nå desse måla. Kommunane har eit klart ansvar for at det nasjonale jordvernmålet vert nådd.

#### Naturmangfald

Det må gjennomførast ei vurdering av dei miljørettslege prinsippa naturmangfaldlova §§ 8-12, jf. naturmangfaldlova § 7. Utgreiingskrava til temaet naturmangfald må stå i forhold til omfanget av det planarbeidet legg opp til på land- og i sjøarealet.

Planområdet ligg plassert nær og kan kome i berøring med Errevågen sør som i Miljødirektoratet sin Naturbase er definert som blautbotnområde og viktig naturtype.

#### Samfunnstryggleik

Kommunane skal fremje samfunnstryggleik i planlegginga si, jf. pbl § 3-1 bokstav h. Pbl § 4-3 set difor krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan. ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging.

Teknisk forskrift (TEK17) definerer kva som er akseptabel risiko for flaum og skred. Akseptkriteria for anna type risiko må definerast av kommunen. Statsforvaltaren legg til grunn at akseptkriteria må vera minst like strenge som for flaum og skred. Alle risikohøve skal merkast på plankartet med omsynssone. Krav til risikoreduserande tiltak skal gå fram av planføresegnene.

#### Medverknad

Alle som fremjer eit planforslag skal legge til rette for god medverknad i planprosessen, jamfør plan- og bygningslova § 5- 1. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre at barn og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging får delta i planarbeidet etter rundskriv T-2/08 om barn og planlegging, samt H-2302 om medverknad i planlegging.

#### Konklusjon

Sjølv om arealbruken i utgangspunktet er i samsvar med overordna plan, så er gjeldande kommuneplan for Sveio allereie om lag 10 år gamal. I planarbeidet skal det takast omsyn til nye føringar og ny kunnskap. Både jordvernet og omsynet til strandsoneverdiane er vesentleg innskjerpa dei seinare åra. Planområdet ligg plassert eksponert på eit nes, og omsynet til både landskap, naturverdiar i området, friluftsliv og landbruk talar i mot utbygging i eit område med relativt urøydv strandsone og dyrka mark. Vi rår til å vurdere heile område for blanda føremål BH\_1 samla og om nødvendig plassere nokre av fritidsbustadane lenger nord og inne mellom eksisterande busetnad langs med Åfjordvegen. Vi legg til grunn at ein i planarbeidet tek omsyn til byggegrensa til sjø og strandsone.

Statsforvaltaren kan ut frå det som er sagt ovanfor ikkje utelukke at planarbeidet vil vere i strid med nasjonale eller viktige regionale omsyn, jamfør plan- og bygningslova § 4-1 tredje ledd. Dersom dei momenta som vi har trekt fram vert lagt til grunn og handterte i planarbeidet, vil Statsforvaltaren kunne vurdere planen sine verknader i høve til vårt sektoransvar ved offentleg ettersyn.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Oddgeir Aardal  
seniorrådgjevar



*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN

Sveio kommune Postboks 40 5559 SVEIO



## Statens vegvesen

VIKANES BUNGUM ARKITEKTER AS  
Postboks 358  
5501 HAUGESUND

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Lars Ottar Sagstad / 55516434

Vår referanse:  
21/172311-2

Dykkar referanse:

Vår dato:  
28.09.2021

### Uttale til melding om oppstart av planarbeid – Ervesvika (Ervesbukta) gnr. 105 bnr. 2 i Sveio Kommune.

Vi viser til dykkar brev datert 23.08.2021.

#### Saken gjeld

Storleik på område er om lag 14 daa og dekker den austlege delen av eigedomen som ligg til sjøen ved Ervesvika. Det er 2 gamle naust på området. Planområdet er i arealdelen til kommuneplanen vist som blanda formål BH\_1 – bustad og hytter. Føremålet med regulering er å leggje til rette for 4 stk. hyttetomter med tilhøyrande naust, og er såleis i høve til overordna plan.

Statens vegvesens ansvar i planarbeidet er først og fremst knytta til arealbruken langs riksveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretatt i planlegginga. Til denne planen uttaler vi som statleg fagmynde med sektoransvar innafor vegtransport.

#### Kommunal veg og fylkesveg

I/ved planområdet er det fylkesveg/kommunal veg. Statens vegvesen legg til grunn at drøftingar og avklaringar knytt til trafikksikkerheit og framkomst på desse vegane skjer i dialog med dei aktuelle vegstyresmaktene.

#### Generelle krav til planarbeid

Statens vegvesen legg til grunn at verknadane planløysingane vil ha for vegtransport og vegnett vert utgreia og kjem tydleg fram av planomtale, risiko- og sårbarheitsanalyse og eventuell konsekvensutgreiing. Dette gjeld generelt:

- trafikksikkerheit for ulike trafikantgrupper
- tilkomstløysningar

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

- forventa trafikkmengd og kapasitet på vegnettet
- trafikkmønster og reisemiddelfordeling
- parkeringsdekning og -behov
- framkomst for ulike trafikantgrupper
- ivaretaking av ovannemnde omsyn i anleggsperioden

#### **Videre planprosess/medverknad**

Statens vegvesens uttale til varsel om oppstart er ikkje uttømande. Når eit planframlegg vert lagt ut til offentleg ettersyn, vil vi kunne kome med ytterlegare innspel og merknader.

Transportforvaltning vest  
Med helsing

Frode Moen Aarland  
seksjonsleder

Lars Ottar Sagstad  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Postboks 8112 DEP, 0032 OSLO  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG BERGEN, Postboks 7900, 5020  
BERGEN

---

Vår referanse 2021/44437-6  
Dato 29.09.2021

---

VIKANES BUNGUM ARKITEKTER AS  
Postboks 358  
5501 HAUGESUND

Att. Regine Velde

## Fråsegn til Ervesbukta - gnr 105 bnr 2 - varsel om oppstart av reguleringsplan - Sveio kommune

Vi viser til brev datert 23.08.2021 om oppstart av arbeid med detaljregulering for eigedom 105/2 Ervesvika. Hovudføremålet med reguleringa er å leggje til rette for 4 hytte tomter med tilhøyrande naust. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til blanda formål BH\_1 - bustad og hytter. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing. Dette føreset at området sør i planområdet, til sjø vert sett av til grøntområde. I tillegg til å regulere inn felles område til utomhusopphald mellom hyttetomt legst aust, og nausta.

Vestland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunen sine sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

### Vurdering og innspel

Vi registrerer at planarbeidet skal sjå på strandsonevern og jordbruk, verknad ved nedbygging av matjord og skog, samt naturmangfald. I tillegg til verknader for natur og kulturlandskap, landbruk skal arbeidet vurdere verknad for friluftsliv og omkringliggjande areal og bruk. Soleis ser vi at arbeidet skal synleggjere og vurdere verknadane knytt til bruk og vern av stadlege eigenskapar, særprega kvalitetar og ressursar.

I tillegg til å sjå på lokale verdiar ser vi trong for at planarbeidet vert vurdert i høve ein større samanheng og regionale føringar for berekraft. Sjå [utviklingsplan for Vestland](#) og særskilt der planstrategien tek opp berekraft med utgangspunkt i klima og natur, høvet til sosial og økonomisk haldbarheit og berekraftig stadutvikling. Viser også til [regional kystsoneplan for Sunnhordaland og ytre Hardanger](#) med retningslinjer for berekraftig kystsoneplanlegging. Sveio inngår i denne planen. Sjå mellom anna kapittel 6 og 6.3 som tek opp arealformål knytt til strandsona.

### Medverknad

Vi tilrår aktiv, open og deltakande medverknad. At de involverer breitt, born og unge, dei dette vedkjem og andre med særskilt interesse for området. At de inviterer til samtalar og samarbeid for å avdekke ulike interesser og moglege konfliktrar lokalt og på regionalt nivå. Dette for å tileigne seg lokal kunnskap og oversyn over regionale interesser. Naudsynt kunnskapsbasert grunnlag for å framstille ein lokalt haldbar plan og klare føresegner for berekraftige konsept, haldbare løysingar og praksis, ny bruk og utforming i området.

### Klima og energi Klimarisiko

Vi oppmodar om å ta gode klimaval tidleg i planarbeidet, og definere føresegn knytt til reduksjon av klimagassutslepp og miljøpåverknad.

Det er flott at de spesielt vil kaste lys over naturmangfald og friluftsliv og verknader for omkringliggjande areal.

Arealbruksendringar med nedbygging av skog og myr til andre føremål bidreg ikkje berre til klimagassutslepp, men også til negative konsekvensar for naturmangfald og økosystemtenester. Mange inngrep som kvar for seg verkar små, kan i sum ha stor negativ verknad. Derfor bør reguleringsplanen definere krav til grønstruktur i planområdet. Samanhengande grøntareal er viktig for å sikre korridorar og for å sikre eit godt fungerande økosystem. Den billigaste og mest berekraftige måten å sikre naturmangfald er å gjere så lite inngrep som mogleg omkring bygningsmassar. Vi oppmodar derfor at så mykje som mogleg av eksisterande vegetasjon og særleg store tre vert teke i vare, og dette vert innarbeidd i føresegnene. Å ivareta naturlege vegetasjon vil òg sikre open, naturleg overvasshandtering. Dette vil vere med på å gjere planområdet betre rusta mot fleire episodar med kraftig nedbør som følgje av klimaendringane. I [veileder for lokal håndtering av overvann i kommuner](#), og i punkt 8.1.4 finn ein døme på føringar og krav ein kan setje til overvasshandtering i reguleringsplanar.

Planområdet ligg ved fjorden, og er utsett til for havnivåstigning og stormflo. Konsekvensar av framskriven havnivåstigning og stormflonivå må bli vurdert i planarbeidet. Vi viser til [DSB sin rettleiar for havnivåstigning og stormflo- samfunnsikkerhet i kommunal planlegging](#). Det må takast omsyn til påreknelege framtidige klimaendringar.

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023, presiserer blant anna at å bevare leveområda for ville, pollinerande insekt er viktig for økosystema og for pollinering av landbruksvekstar. Norske kommunar har eit særleg stort ansvar gjennom planlegging for å medverke til bevaring av truga natur og sikre at økosystema er i ein god tilstand, mellom anna ved å sikre utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova. I Klima- og miljødepartementet si [rettleiar for naturmangfaldlov sine alminnelege føresegn](#) om berekraftig bruk, kan de lese meir om vurderingar knytt til naturmangfald. Naturmangfaldlova konkretiserer og spesifiserer korleis naturmangfaldet skal vektleggast og takast omsyn til i arealforvaltning. Det er viktig å vere merksam på at ikkje all natur i Noreg er kartlagt. Om ein søker i databasar utan å finne noko naturmangfald betyr det derfor ikkje at det ikkje er noko naturmangfald der som bør tas omsyn til. Kommunen kan be forslagsstillar om å sørge for at det vert gjort naturkartlegging og at funn frå kartlegging inngår i planbeskrivinga.

#### Utsleppsreduksjon

Nybygging er eit viktig bidrag til både direkte og indirekte klimagassutslepp. For å bidra til å redusere den negative verknaden på klima, bør ein i reguleringsplanen definere føresegn knytt til materialbruk og energiløysingar i nye bygg, slik at ein i utbygginga nyttar løysingar som er mest gunstige for klima. Ein bør vurdere energibruk og effektivisering i både bygge- og driftsfase, og dette i eit livsløpsperspektiv. Løysingar for fornybar energi er særskilt aktuelle i planar der ein planlegg fleire nye bueiningar, ettersom dette kan gjere det enklare og rimelegare å legge opp til fellesløysingar for fornybar energi. I Enova sin [rapport om klimavennlege byggemateriale](#) finn de informasjon om korleis de kan redusere utslepp frå materiala i nybygg, og i kapittel 3.5 finn de døme på ulike materialar.

I byggefasen kan ein også sette krav til klimagassutslepp. Norske bygge- og anleggsplassar bidreg til betydelege klimagassutslepp, og er sett på som den [største utsleppskjelda](#) i eit [byggs levetid](#). Norske kommunar kan påverke leverandørar ved å etterspørje utslippfrie løysningar. Ein kan lese meir i Miljødirektoratet si [veileidar for utslepps- og fossilfrie byggeplassar](#).

[Kommunalbanken](#) viser at 34,1% av klimagassutsleppa i Sveio kjem frå vegtrafikk. Det er derfor føremålstenleg at de tidleg i planlegginga definerer føresegn knytt til ladeinfrastruktur som dekker framtidig behov. Også hytter vil trenge tilrettelegging for nullutsleppskøyretøy gjennom ladeinfrastruktur, og det vil truleg auke attraktiviteten til hyttefeltet. Samstundes vil ein då ta høgde for overgangsrisikoen knytt til regulering av fossile køyretøy. I framtida vil vi kunne sjå meir av både avgifter, karbonprising og forbod mot teknologiar med utslepp. Å leggje til rette for ladeinfrastruktur som dekker framtidige behov gir ein monaleg lågare kostnad, i forhold til å etablere dette i ettertid.

#### **Vassforvaltning**

Planområdet ligg ved Ålfjorden (vassførekomst ID 0260020100-C). Vassforskrifta §4 tillét ikkje ny

arealbruk som gjer tilstanden av vassførekomstar dårlegare. Dette er eit minstekrav som gjeld alle vassførekomstar. Det er viktig at det i planarbeidet vert vurdert kva verknader tiltaka etter planen kan ha for vassførekomsten. Føresegner og omsynssoner med tilhøyrande føresegner er gode verktøy for å ta i vare vassmiljø gjennom reguleringsplanar.

Det generelle miljømålet er minimum god miljøtilstand for vassførekomstane innan 2021. Oversikt over alle miljømål og tiltak for å nå miljømåla for den enkelte vassførekomst ligg i databasen [www.vann-nett.no](http://www.vann-nett.no).

### **Kulturminne og kulturmiljø**

Planen sin verknad på kulturminne og kulturmiljø skal dokumenterast og bli vurdert som eitt av punkta i planutgreiinga ved offentleg ettersyn. I planutgreiinga må det inngå omtale av kvart kulturminne og vurdering av verneverdi. I tillegg til forminne og bygningar/bygningsmiljø, er det her også viktig å få fram både steingardar, gamle ferdselsårer, utmarksminne, tekniske kulturminne og kulturlandskap. Planen kan ikkje vere i konflikt med automatisk freda kulturminne, eller andre nasjonalt og regionalt viktige kulturminne. Vi gjer merksam på at det vil vere ein fordel for tiltakshavar å klarleggje spørsmål omkring kulturminneverdiar i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen.

Ut frå våre arkiv har vi ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i det aktuelle planområdet. I samband med synfaring i området blei ingen automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne påvist, og arealet blei vidare vurdert til å ha lågt potensiale for funn av uregistrerte kulturminne i marka. Kulturminneforvaltinga i Vestland fylkeskommune har ingen vidare merknader på noverande stadium i planprosessen.

### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettleiing/>

### **Oppsummering**

Vestland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på haldbar utvikling og utforming, at planarbeidet sikrar medvit og kunnskap knytt til klima, natur og kulturmiljø, her under lokalhistorisk byggjeskikk som grunnlag for ny bruk og skånsame inngrep i området.

Ver god å ta kontakt om de har spørsmål til regionale plantema, det som står ovanfor og vidare planprosess.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule  
fagleiar

Mona Elisabeth Steinsland  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I  
VESTLAND

Njøsavegen 2

STATENS VEGVESEN

Postboks 1010 Nordre Ål



**Saksnr: 2021/169788**

Mattilsynet har ingen merknader til oppstart av reguleringsarbeid - Ervesvika Gnr 105 Bnr 2 på dette tidspunkt.

Med vennlig hilsen

Andreas Sandvik  
Mattilsynet

Telefon: 22 40 00 00

Felles postadresse: Mattilsynet, felles postmottak, postboks 383, 2381 Brumunddal  
[postmottak@mattilsynet.no](mailto:postmottak@mattilsynet.no)

[www.mattilsynet.no](http://www.mattilsynet.no) [www.matportalen.no](http://www.matportalen.no)

Bergen, 29.09.21

Vår ref: 2021/878  
Sakshandsamar: Eirin Kongestøl Espeland

Dykkar ref:

Vikanes Bungum Arkitekter AS  
v/Velde

## **Sveio, Ervesvika – oppstart av planarbeid 105/2 – uttale**

Viser til brev av 23.08.21, med vedlegg, frå Vikanes Bungum Arkitekter AS om ovannemnde sak.

Planarbeidet legg til rette for fire nye hyttetomter med tilhøyrande naust. Det er ikkje nemnd endringar i tilknytning til sjø.

I Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy er det registrert område for aktive og passive fiskereiskap. Det blir òg fiska i område som ikkje er registrert. Ein har t.d. «nye» fiskeri som leppefiske og fiske etter sjøkreps.

Ein føreset at eventuell utbygging og tiltak i området ikkje har negativ innverknad på det marine miljø og fortsatt bruk av fiskeområda. Dersom det blir aktuelt med flytebrygge i sjø, må fortøyingar avgrensast mest mogleg.

I tilknytning til fiskeriområde må det opplysast om fiskarane sin hevdvunne rett til bruk av sjøareala. Fisket er lovleg, berekraftig og grundig regulert av offentlege mynde. Ein kan ikkje godta hets av yrkesfiskarar, slik nokre opplev somme stader.

Fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er difor avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav. Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat. Det er viktig å førebyggje då det ofte er vanskeleg og dyrt å rydde opp i ettertid.

I tillegg er ein avhengig av å ha eigna areal å fiske på.


Med helsing  
Fiskarlaget Vest

Britt Sæle Instebø  
Dagleg leiar

Eirin Kongestøl Espeland  
Rådgjevar

Kopi: Sunnhordland Fiskarlag  
Sveio kommune  
Fiskeridirektoratet region Vest  
Statsforvalteren i Vestland

*Brevet er godkjent elektronisk og blir sendt utan handskriven underskrift.*



Utsnitt Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy



FISKERIDIREKTORATET

Adm.eining: Kyst- og havbruksseksjonen i region Vest

Saksbehandlar: **Ingerid Bjørkevoll**

Telefon: **91393269**

Vår referanse: **21/12252**

Dykkar referanse:

Dato: **04.10.2021**

Vikanes Bungum Arkitekter AS

Att:

Postboks 358

5501 HAUGESUND

## Sveio kommune - Uttale til varsel om oppstart av reguleringsarbeid for Ervesvika gnr105 bnr2

Vi syner til brev av 23.08.2021 med melding om oppstart av planarbeid ved Ervesvika i Sveio kommune.

Fiskeridirektoratet har som oppgåve å fremje lønsam og verdiskapande næringsaktivitet gjennom berekraftig og brukarretta forvaltning av marine ressursar og marint miljø. Samfunnsoppdraget overlappar i stor grad med FNs berekraftsmål nummer 14 «Bevare og bruke havet og dei marine ressursane på ein måte som fremjar berekraftig utvikling». Vi skal ivareta fiskeri- og havbruksnæringa sine interesser i planarbeid.

Føremålet med reguleringa er å legge til rette for 4 hytte tomter med tilhøyrande naust. Tiltaket er i samsvar med arealplanen for Sveio. Det seiast ikkje noko om tiltak i sjø. **Vi må høyrast om det skal kome tiltak i sjø.**

Vi har registrert eit område for fiske med aktive reiskap og eit for fiske med passive reiskap rett ved planområdet. **Vi kan ikkje sjå at tiltaket vil kome vesentleg i konflikt med desse fiskeriinteresse.**

**Vi går på dette grunnlag ikkje imot at det vert gitt løyve som søkt om.**

Med helsing

Leni Marie Lisæter  
seksjonssjef

Ingerid Bjørkevoll  
rådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.*

**Mottakarliste:**

Vikanes Bungum Arkitekter AS      Postboks 358      5501      HAUGESUND

**Kopi til:**

Fiskarlaget Vest      Slottsgaten 3      5003      BERGEN

